

# **Reglement for Modalen kommune si finansforvaltning**

**Vedteke i kommunestyret 15.06.17  
KS 031/2017**

## **REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING**

1. Heimel og varighet .....	3
1.1 Heimel .....	3
1.2 Verknad .....	3
2. Føremål og hensikt med reglementet .....	3
3. Forvaltning og forvaltningstypar .....	3
4. Føremålet med finansforvaltninga .....	3
5. Generelle rammer og avgrensingar .....	4
6. Forvaltning av ledig likviditet/kortsiktige midlar som disponerast i årsbudsjettperioden .....	4
6.1. Bankinnskot .....	4
6.2. Andelar i pengemarknadsfond .....	4
6.3. Rapportering .....	5
7. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og finansieringsavtalar .....	5
7.1. Vedtak om opptak av lån .....	5
7.7. Rapportering .....	5
8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva .....	6
8.1 Føremål .....	6
8.1 Bankinnskot .....	6
8.2 Pengemarknads- og obligasjonsfond .....	6
8.2 Rapportering .....	6
9 .Kvalitetssikring .....	7

## **1. Heimel og varighet**

### **1.1 Heimel**

Dette reglementet er utarbeidd og vedteke i medhald av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52
- Endring i forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning med verknad frå 01.01.2017.

### **1.2 Verknad**

- Reglementet trer i kraft frå og med vedtaksdato. Finansreglementet skal vedtakast minst éin gong i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstatter tidlegare reglement.

## **2. Føremål og hensikt med reglementet**

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for finansforvaltninga i Modalen kommune. Reglementet er eit samla oversyn over rammer og avgrensingar som gjeld, og eventuelle fullmakter/instruksar/rutiner som skal heimlast i reglementet. Reglementet omfattar forvaltning av likvide, kortsiktige midlar, opptak av lån/gjeldsforvaltning og forvaltning av langsiktige, finansielle aktiva.

## **3. Forvaltning og forvaltningstypar**

I samsvar med finansforskrifta for kommunar skal reglementet omfatta forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld).

I dette finansreglementet er det vedteke målsetjingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig, kortsiktig likviditet.
- Forvaltning av kommunen si gjeld og finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av kommunen sine langsiktige, finansielle aktiva.

## **4. Føremålet med finansforvaltninga**

Kommunen skal forvalta midlane slik at tilfredsstillande avkastning kan verta nådd, utan at det fører med seg vesentleg finansiell risiko, og med omsyn til at kommunen alltid skal ha midlar til å dekkja betalingsforpliktelsane sine ved forfall.

## 5. Generelle rammer og avgrensingar

- Kommunestyret skal, gjennom fastsetjinga av dette finansreglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko (som òg omfattar refinanseringsrisiko), jfr. kommunelova § 52.
- Reglementet skal vera basert på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, dette inkluderer kva som skal reknast som langsiktige finansielle aktiva. Rådmannen har ei sjølvstendig plikt til å utgreia og leggja fram saker for kommunestyret som vert vurdert som prinsipielle
- Rådmannen skal løpande vurdere om rammene og avgrensingane er eigna, og om desse klart og tydeleg sikrar at finansforvaltninga vert forsvarleg utøvd i høve til den risikoen kommunen er eksponert for
- Rådmannen har fullmakt til å gjera avtaler i samsvar med dette reglementet.
- Rådmannen utarbeider nødvendige fullmakter/instrukser/rutiner for forvaltninga som er i tråd med kommunen sine overordna økonomibestemmelsar.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillete nytta gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i kommunens finansforvaltning.
- Kommunen skal ha ein låg risikoprofil. Endringar i finansmarknaden skal i liten grad påverka kommunen sin finansielle stilling.

## 6. Forvaltning av ledig likviditet/kortsiktige midlar som disponerast i årsbudsjettperioden

Ved plassering av midlar skal den finansielle risikoen vera minimal. Alle plasseringer skal vera i norske kroner (NOK).

### **6.1. Bankinnskot**

Kommunen skal spreia sine bankinnskot på minst 2 bankar. Innskot i ein bank skal ikkje overstiga kr 15 millionar.

### **6.2. Andelar i pengemarknadsfond**

Inntil kr 15 millionar kan plasserast i norske pengemarknadsfond med låg risiko, ihht Verdipapirfondenes foreining sin bransjestandard

- a) Det skal ikkje vera avgrensingar på uttaksretten i fond som vert nytta, og midlane skal alltid kunna vera tilgjengelege på få dagar.

Lån i samband med investeringar i budsjettåret kan òg plasserast i pengemarknadsfond med same avgrensingar.

### **6.3. Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapporteringane per 30. april og per 31. august, rapportera status for forvaltninga. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang rapportera utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum syna:

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativa i kroner (marknadsverdiar)
- Rentevilkår, avkastning
- Kommentar frå rådmannen knytta til samansetning, rentevilkår/avkastning, vesentlige marknadsendringar og endring i risikoeksponering.
- Skildring og vurdering av eventuelle avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

## **7. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og finansieringsavtalar**

### **7.1. Vedtak om opptak av lån**

Kommunestyret gjer vedtak om låneopptak i budsjettåret.

I tråd med vedtaket i kommunestyret, gjer rådmannen låneopptak, vel låneinstitusjon, avdragstid og rentevilkår. Rådmannen har høve til å ta opp ordinære gjeldsbrevlån. Det er ikkje høve til å gjere låneopptak i sertifikatmarknaden og tilsvarande kortsiktige låneopptak.

Rådmannen har høve til å gjera låneopptak til refinansiering av eksisterende lånegjeld.

Det skal søkast å gjera låneopptak til så gode vilkår som mogleg. Det skal hentast inn tilbod frå minst 2 konkurrerande långjevarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. formidlingslån/startlån i Husbanken).

Låneportefølja skal bestå av eit lite antall lån.

### **7.7. Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering pr 30. april og pr 31. august rapportera status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang rapportera utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum syna:

- Opptak av nye lån (inkl. avtalar om finansiell leasing)
- Refinansiering av eldre lån
- Sammensetning av låneportefølja
- Løpetid for passiva og eventuell rentebinding
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår (benchmark)

- Rådmannen sine kommentarar knytta til punkta over, evt gjenverande rentebinding, samt rentevilkår i høve til kommunen sin økonomiske situasjon og lånemarknaden.
- Rådmannen si skildring og vurdering av eventuelle avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammer i finansreglementet.
- Vesentlege marknadsendingar

## **8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva**

### **8.1 Føremål**

Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva skal sikra ei langsiktig avkastning som kan bidra til å gje innbyggjarane i Modalen kommune eit best mogleg tenestetilbod, sikra stor grad av forutsigbarhet i kommunen si finansielle stilling, samt gje bidrag til stabilitet over tid.

Langsiktige finansielle aktiva er aktiva der kun avkastning skal disponerast i årsbudsjettperioden. Vidare skal desse midlane ikkje vera planlagt brukt i løpet av dei 2 neste heile budsjettåra. Dei langsiktige finansielle aktiva skal avsetjast i rekneskapen på eigne fondskonti.

Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal finansiell risiko vera låg.

### **8.1 Bankinnskot**

Kommunen skal spreia sine bankinnskot på minst 2 bankar. Innskot i ein bank skal ikkje overstiga kr 15 millionar.

### **8.2 Pengemarknads- og obligasjonsfond**

I tillegg til bankinnskot kan midlane plasserast i pengemarknadsfond og/eller obligasjonsfond.

### **8.2 Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering pr 30. april og pr 31. august, rapportera status for forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året rapportera utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum syna:

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativa i kroner (marknadsverdier)
- Rentevilkår, avkastning
- Kommentar frå rådmannen knytta til samansetning, rentevilkår/avkastning, vesentlige marknadsendingar og endring i risikoeksponering.
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

## **10.Kvalitetssikring**

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legg rammer for ei finansforvaltning som er i tråd med kommunelova og finansforskrifta sine reglar. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinene for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekka avvik frå finansreglementet.

Rådmannen har ansvar for at slike vurderingar vert gjort, eksternt eller gjennom kommunerevisjonen.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finna stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtar nytt, endra finansreglement.

## Administrativ rutine – finansforvaltning

**Heimel:** Reglement for Modalen kommune si finansforvaltning.

### Oppgaver:

- 1) Plassering av kortsiktige og langsiktige midlar.
  - **Ansvar:** Kommunekasserar
  - **Rapportering til rådmannen:** Før tertial- og årsrapportering.
  - **Frist:** Tilpassast rapporteringsfristane for tertial- og årsrapportering
  - **Innhald:** Status og endring
    - Rapportering i høve til krav i finansreglementet før tertialrapporteringane til kommunestyret
  
- 2) Lånegjeld
  - **Ansvar:** Kommunekasserar
  - **Rapportering til rådmannen:** Etter kvart låneopptak, samt endringar (refinansiering), samt før tertial- og årsrapportering
  - **Frist:** Tilpassast rapporteringsfristane for tertial- og årsrapportering
  - **Innhald:** Status og endring
    - Vurderte långjevarar, og tilbod med vilkår.
    - Opplysning om valt långjevar med vilkår (rente, avdragstid)
    - Rapportering i høve til krav i finansreglementet før tertial- og årsrapportering til kommunestyret